



## Leiknes skule

### Uttale til kommunedelplan for skule 2014-2018

Leiknes skule er i denne kommunedelplanen ein aktuell mottakaraskule, og SU ønskjer å uttale seg om nokre av alternativa knytt til kapasitet og utvikling i noverande skulekrins. I dag er Leiknes skule nær full og vil frå hausten ha 8-9 klasser.

Samarbeidsutvalet ved Leiknes skule ser at fleire av alternativa for strukturendring vil medfører ein sterk auke i elevtalet ved Leiknes skule. I alle forslaga der alternativet er å leggje ned Eikanger skule, vil Leiknes skule verte nærskule for svært mange elevar.

Leiknes skule får etter prognosane ein jamn elevauke i åra som kjem når ein ser på utviklinga i eigen skulekrins. Dette medfører at skulen innan eit par år har problem med å gje alle klassane eit eige klasserom utan å ta spesialromma i bruk.

Skulen på Leiknes har gjennomgått ei langvarig utbygging som starta opp for ca. 6 år sidan. Prosjektet er først ferdig om eit par år, når Storstova står klar. Vi har lenge vore uroa for om utbygginga var tilstrekkeleg, særleg knytt til tal klasserom.

Av prognosane i kommunedelplanen, ser vi at skulen innan 5 år vil ha behov for fleire nye klasserom. Det har vorte vurdert i samråd med arkitekt, at det kan la seg gjere med ei mindre utviding mot nord utan å ta alt for mykje av utearealet. Men ei slik mindre utbygging vil ikkje gje skulen kapasitet til å verta mottakaraskule ved ei evt skulenedlegging lenger inne i fjorden.

Ved ein større elevauke, vil vi også ha for lite uteareal og garderobeareal, og toalettfasilitetar må tilførast. Dette er kostbart, og slik vi ser det, ikkje gjennomførbart.

Vi har i dag ei stor utfordring knytt til farleg skuleveg. Dette er knytt både til dårleg standard på vegen kombinert med ein høgt trafikkert skuleveg. Ved skulen har vi svært dårlege forhold for av- og påstiging og fleire stader ved skulen har vi elevar som må krysse fylkesvegen på lite oversiktlege stader. Vi opplever ofte svært farlege situasjonar, og eit auka elevtal vil krevja store endringar når det kjem til infrastruktur

Nærskuleprinsippet har dei siste åra vore spesielt aktuelt i skulekrinsen vår. Mange elevar har p.g.a. fylkesmannen si presisering, fått gå på næraste ungdomsskule. Vi ser at nærskuleprinsippet også i denne saka er svært styrande i forhold til å finna strukturendringar som ikkje går imot dette prinsippet. Eit prinsipp som står sterkt og er tydeleg i opplæingslova. Gjennom arbeidet i referansegruppa har vi sett at elevar både på Eikanger og på Kløvheim har Leiknes som nærskule dersom dei opplever nedlegging. Og haldninga deira er, etter det vi erfarer, at dei ønskjer å gå på sin næraste skule.

SU vil understreke at vi er opptekne av eit likeverdig og fullverdig skuletilbod for alle elevane i kommunen. Det må takast eit ansvar for at vi kan oppretthalde god lærartettleik, og det betyr at vi ikkje kan la vere å gjere store grep når det kjem til





## Leiknes skule

innsparing på drift. Rådmannen peika på at berre eit par prosent av skulebudsjettet vert brukt til anna enn lønn. Dermed ser vi ikkje for oss at vi kan oppretthalde ein kvalitetsbevisst og framtidsretta skule utan å gjere om på skulestrukturen.

Eit skuleanlegg på Eikanger hindrar at fleire elevar får Leiknes som nærskule, og vi vil dermed klare oss med ei mindre og gjennomførbar utbygging om nokre år.

SU ved Leiknes skule oppfordrar skuleeigar til å gjere eit val som sikrar ei vidare god utvikling av Lindås-skulen, med læringsmiljø av høg kvalitet i gode læringsareal.

Her må det takast ansvar for framtida.

På Leiknes har vi i mange år vore prega av lite framtidsretta val og dårleg oversikt over utviklinga. Med eit godt forarbeid i framlegget til ny kommunedelplan frå rådmannen, kan de i dag gjera gode val for framtida. Vi treng ro og stabilitet. Kvar skule må ha likeverdige forhold når det kjem til tal lærarar og det fysiske arealet inne og ute. Å gjere Leiknes skule til nærskule for nye bygder er ikkje eit framtidsretta og ansvarleg val.

Leiknes skule 15.04.2015

Samarbeidsutvalet Leiknes skule

